



etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

John Anton Gladsø, 5764 3130

## Nye fisketider i vassdrag frå 2021 – Fylkesmannen ber om innspel til ny forskrift om fisketider i vassdrag

Forskriftene for fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag og sjø skal reviderast i år, og vert gjeldande frå 2021. Vi inviterer lokal forvaltning til å komme med innspel med forslag til endring av fisketider i vassdrag, i tråd med retningslinene.

Dette brevet er sendt til kontaktpersonar for lokale forvaltningslag, og til enkeltgrunneigarar i vassdrag der det ikkje er eit lokalt forvaltningslag, men der det blir levert fangstrapportering. Gje oss tilbakemelding dersom vi har feil kontaktperson, og send gjerne brevet vidare til rette kontakt.

### Godt organiserte lag

I vassdrag med tilfredsstillande lokal organisering skal forslag til fiskereguleringar for vassdraget utarbeidast av elveeigarlag eller forvaltningslag, om det er vilje til dette. Forslaget skal omfatte fisketid og eventuelle andre reguleringar. Forslag som er i tråd med Miljødirektoratets retningslinjer for regulering av fiske, skal i utgangspunktet leggast til grunn i Miljødirektoratets endelege reguleringsvedtak.

Med tilfredsstillande organisering viser vi til krava i forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk. Vassdrag med gytebestandsmål over 100 kg hofisk skal ha eitt felles forvaltningslag som omfattar heile vassdraget. Ansvaret til forvaltningslaget omfattar regulering av fiske, overvaking av fiskebestandane, kultiveringsverksemd, oppsyn, informasjon, smittevern og driftsplan, jf. § 25 i lakse- og innlandsfisklova. For beskatningsråd og gytebestandsmåloppnåing sjå: <https://vitenskapsradet.no/VurderingAvEnkeltbestander/#/map>.

Vassdrag utan, eller med gytebestandsmål under 100 kg, er ikkje omfatta av kravet om pliktig organisering. Desse vassdraga kan likevel bli vurdert som tilfredsstillande organisert når det er eitt lag eller organ som forvaltar heile vassdraget, eller dei delar av vassdraget som blir vurderd som nødvendig for å få til ei god og forsvarleg forvaltning. Det må vere eit godt forvaltningsopplegg for anadrom sone, med m.a. fangstrapportering og oppsyn.



### Fangstrappering

Ein forutsetning for at det blir opna for fiske er at fangst blir rapportert (sjå retningslinene kapittel 6.3). I dag har mange små vassdrag fisketid utan at det har vore levert fangstrapport. Nytt ved denne hovudreguleringa er difor at desse vassdraga ikkje blir opna for fiske etter laks og sjøaure, så lenge det ikkje blir levert fangstrapport. Manglande fangstrappering kan føre til stenging av vassdrag, eller at eit vassdrag ikkje vert opna for fiske. Vi minner igjen om at fristen for å rapportere fisket, er to veker etter siste fiskedag i vassdraget. I vassdrag med fellesforvaltning skal styret ha tilgang til all fangstinformasjon, og kunne nytte denne i forvaltning, jf. § 44 i lakse- og innlandsfisklova. Manglande rapportering av fiskesesongen 2020 kan føre til stenging av vassdraget i 2021.

### Innspel til endring

Vedlagt ligg eit skjema de må nytte til å kome med innspel.  
Frist for å kome med innspel er **fredag 27. mars**

Svarskjemaet skal sendast til:

[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no),

eller

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Eventuelle spørsmål kan rettast til Gry Walle (tlf. 55572332) eller John Anton Gladsø (tlf. 57643130).

Etter at vi har fått inn innspel frå lokal forvaltning sender vi forslaga til endring, med våre vurderingar og anbefalingar, til Miljødirektoratet innan 3. april. Nye fisketidsforskrifter er venta vedtatt i desember 2020. Merk at sjølaksefisket ikkje er ein del av den regionale prosessen. Meir informasjon om reguleringane og retningslinene for regulering av fisket etter anadrome laksefisk frå 2021, finn de på <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arter-og-naturtyper/forvalte-fisk/fiskeregulering/>

Med helsing

Gry Walle  
seniorrådgjevar

John Anton Gladsø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



**Adresseliste elveeigalag/vassdrag:**

Aa sameige  
Aadlandsvatnet Fiskelag  
Arna Sportsfiskarlag  
Aurland elveeigarlag  
Bortnen elveeigarlag  
Bøyaelvi, Fjærland  
Dale jakt- og fiskarlag  
Eid elveeigarlag  
Ekso Elveeigarlag  
Elveeigarlaget Osen – Vestre Hyen (EOVH)  
Ervik jakt- og fiskelag  
Etne Elveeigarlag  
Fagrådet for Loneelva  
Fjæra elvefiskelag  
Flekkje elveigarlag  
Flåm elveeigarlag  
Fortun elveeigarlag  
Forvaltningslaget for Eidfjordvassdraget  
Forvaltningslaget for Vossavassdraget  
Frøysetvassdraget forvaltningslag  
Førde elveeigarlag  
Gaula elveeigarlag  
Gaupne grunneigarlag  
Gloppen elveeigarlag  
Grunneigarane til Andvikvassdraget  
Grunneigarane til Fosselva  
Grunneigarane til Haugsdalselva  
Grunneigarane til Hopevassdraget  
Grunneigarane til Hopselva  
Grunneigarane til Mosneselva  
Grunneigarane til Romarheimselva  
Grunneigarlaget for Granvinvassdraget  
Guddalsdalen elveeigarlag  
Haugen og Dalen grunneigarlag  
Henjaelvi  
Hope grunneigarlag  
Hopevassdraget  
Hæreidselvi, Årdal  
Høyanger jfl  
Indrehusvassdraget  
Jondalselva elveeigarlag  
Jostedalen grunneigarlag  
Kinso elveeigarlag  
Kjærelva  
Kvamselva elvelag  
Loen elveeigarlag  
Lærdal elveigarlag  
Matre Elvelag  
Modalen Elveeigarlag



Morkadalen grunneigarlag  
Mørkridsdalen elveeigarlag  
Nausta elveeigarlag  
Nedre Bøfjordvassdragets grunneigarlag  
Nedre Oddadalen elveeigarlag  
Norddalselva elveeigarlag  
Nærøydalen elveeigarlag  
Olden elveeigarlag  
Ommedal elveeigarlag  
Omvikdalen grunneigarlag  
Opsanger vatn- og elveeigarlag  
Ortnevik grunneigarlag  
Osvassdragets Eigarlag  
Rivedal grunneigarlag  
Rosendal elv- og utmarkslag  
Rygg og Grov grunneigarlag  
Røneid Grunneigarlag  
Samnanger jeger- og fiskarlag  
Simadal sameige  
Sogndal jeger- og sportsfiskarlag  
Solheim elveeigarlag  
Sotra sportsfiskere  
Steinsdalen og Norheimsund grunneigarlag  
Storelva elveeigarlag  
Storelva i Dale, elveeigarlag  
Storelvi, Fjærland  
Straumselva (Hopevassdraget)  
Stryn elveeigarlag  
Sundal- Bondhus Elveeigarlag  
Tørvikbygd-Ljones grunneigarlag  
Uskedalen grunn-og elveeigarlag  
Vetlefjorden Grunneigarlag  
Vigdar grunneigarlag  
Vik jakt- og fiskelag  
Ænes Elveeigarlag  
Øvre Bøfjordvassdraget  
Øvredalen grunneigarlag  
Øystese jeger- og fiskarlag  
Årdal jff  
Årøy gard